

Årleg rapport etter paragraf 5 i openheitslova					
Grunn- leggande informasjon	Rapporteringseining	Nettstad	Rapporteringsdato	Rapporteringsperiode	
	Ulstein Design & Solutions AS, org. nr. 926 738 461	https://ulstein.com/	20.06.2025	01.01.2024 - 31.12.2024	
Seksjon A Generell beskriving	A1. Generell beskriving av verksemda sin struktur og aktivitetsområde				
	Om Ulstein				
	Eigarstruktur (% eigardel)	Ulstein Design & Solutions AS ("Ulstein") er eit aksjeselskap eigd av Ulstein Group ASA, som igjen er eigd av ca. 600 aksjonærar. Ulsmo AS eig i dag 64,2 % av aksjane og dei andre aksjonærane eig dei resterande 36,1 % av aksjane. Ei fullstendig oversikt over dei til ei kvar tid største aksjonærane finst på https://proff.no/			
	Forretningsområde og dotterselskap	Ulstein og tilknytte selskap ("Ulstein Group") er organiserte i følgjande forretningsområde: Forretningsområdet Design & Solutions: Ulstein Design & Solutions AS, Norge Ulstein Design & Solutions BV, Nederland inkl. Ulstein Design & Solutions BV og Ulstein Advanced Analysis Ulstein Power & Control AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein) Ulstein Poland Ltd. Sp. Z.O.O., Polen Ulstein Marine Systems (Shanghai) Co. Ltd., Kina Ulstein Marine Equipment (Ningbo) Co. Ltd., Kina Ulstein Electrical Technology (Ningbo) Co. Ltd., Kina Forretningsområdet Shipbuilding: Ulstein Verft AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein) Ulstein Elektro Installasjon AS, Norge Analyse og forskning: Ulstein International AS, Norge Digitalisering: Blue Ctrl AS, Norge			
	Produkt/tenester	Ulstein opererer i den maritime industrien og leverer eit breitt spekter av skipsdesign, utstyrspakkar og maritime løysingar over heile verda. Selskapet har hovudkontor i Ulsteinvik, Norge. Ulsteins hovudmarknad er i Europa og Sørøst-Asia. Ulstein Groups visjon er å skape morgondagens løysingar for berekraftige marine operasjonar. Ulsteins hovudverksemd er i Norge. Ulsteins aktivitetar utgjorde 5% av Ulstein Groups samla inntekter i 2024.			
	Ulsteins leverandørkjede				
	Direkteleverandørar (førsteledds leverandørar)	Ulstein har meir enn 114 direkteleverandørar (Tier-1) i 9 land og meir enn 30 bransjar, herunder: a) Norge, Spania, Kina, Storbritannia, Tyskland, Polen, Slovakia, Taiwan og Finland. b) Detalj- og engroshandel, Maskinar og utstyr, Bilindustri, Elektronikk, Skipsbygging, Metall og mineral, Bygg og anlegg, Luftfart, Kjemikaliar, Transport og logistikk, Samferdsel/veg og anlegg, Møblar, Petroleum, olje og gass, Plast og gummi, Tekstilar, klede og fottøy og meir enn 20 andre bransjar.			
	Indirekte leverandørar (frå og med andre-ledds leverandørar)	Det er for Ulstein Group hittil identifisert meir enn 3000 indirekte leverandørar i over 60 land. Ulsteins indirekte leverandørar er lokalisert i. Kina, Vietnam, India, Tyskland, USA, Taiwan, Singapore, Filippinene, Mexico, Indonesia, Norge, Spania, Storbritannia, Belgia, Japan, Sør-Korea, Italia, Sveits, Malaysia, Thailand, Frankrike og meir enn 40 andre land. Ulstein har indirekte leverandørar i meir enn 40 ulike bransjar, herunder bl.a. Detalj- og engroshandel, Bilindustri, Maskinar, utstyr, Elektronikk, Kjemikaliar, Metall, mineral, Luftfart, Møblar, Hotell og overnatting, Plast, gummi, Bygg og anlegg, IT / Programvare og meir enn 30 andre bransjar.			
	A2. Generell beskriving av retningslinjer og prosedyrar for handtering av faktiske og potensielle skadeverknader				
	Identifisering og vurdering av negative konsekvensar	Ulstein er forplikta til å respektere internasjonalt anerkjende menneskerettar og å sørge for å fremje respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga forretningsdrift og i våre verdikjeder. Vi støttar internasjonalt anerkjende menneske- og arbeidstakarrettar, inkludert Verdserklæringa om menneskerettar, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar og FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, ILOs erklæring om grunnleggande prinsipp og rettar på arbeidsplassen og ILOs kjernekonvensjonar. Vi støttar vidare OECDs retningslinjer for multinasjonale føretak, UK Modern Slavery Act og den norske openheitslova. Basert på dette har vi gjennomført aktsemdsvurderingar for å identifisere faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til Ulsteins verksemd. Vi har vidare implementert eit			

	digitalt system for gjennomføring av risikovurderingar og overvaking av moglege negative konsekvensar av vår verksemd og for å handtere eventuelle funn gjennom iverksetting av passande tiltak i samsvar med openheitslova. Ulstein Groups etiske retningslinjer og rutinar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar og oppfølging av vilkåra i openheitslova er vedtatt av konsernstyret og gjeld alle selskap i konsernet. Risikokartlegging og tilhøyrande risikovurderingar er gjort i samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Ansvaret for oppfølging av openheitslova er tydeleg plassert i verksemda og det blir rapportert til styret minst ein gong per år. Leiar for innkjøpsavdelinga har det overordna ansvaret for implementering og oppfølging av aktsemdsvurderingar i tråd med openheitslova, leiar for kommunikasjonsavdelinga har overordna ansvar for handtering av informasjonspørsmål, og leiar for juridisk avdeling har det overordna ansvaret for utarbeiding av årlege rapportar etter openheitslova og rapportering til styret i Ulstein. Kartlegging av Ulsteins eiga verksemd er utført gjennom eigenevalueringar. Kartlegging av Ulsteins leverandørkjede og forretningspartnarar er utført ved hjelp av Prewave sitt digitale system for risikovurdering og overvaking (www.prewave.com). Kartlegginga baserer seg på ein kombinasjon av spesifikk informasjon innhenta frå våre direkteleverandørar gjennom dedikerte spørreskjema (DDQ) og offentleg tilgjengeleg informasjon som t.d. fraktdokument, konnossement, tolldokumentasjon, etc. Den innhenta informasjonen blir samanhalde med informasjon frå relevante indeksar som bl.a. World Justice Project (WJP) Rule of Law Index® (https://worldjusticeproject.org/rule-of-law-index/country/2024/) og International Trade Union Confederation (ITUC) Global Rights Index (https://www.ituc-csi.org/global-rights-index), samt informasjon frå web-baserte søkemotorar som fangar opp medievarsel frå heile verda. Informasjonsinnhentinga inkluderer bl.a. risikofaktorar knytt til land og industri, og finansielle og miljømessige risikoaspekt knytt til dei aktuelle verksemdene sin aktivitet. Informasjonsinnhentinga omfattar dei siste to åra og tek sikte på å identifisere alvorsgrad og sannsynlegheit for faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som Ulstein anten har forårsaka eller bidrege til. Basert på ulike faktorar, som til dømes styringssystem, cyberrisiko, operasjonelle stressfaktorar, juridiske stressfaktorar, industriulukker, politisk uro, strategisk utvikling, økonomisk stress, CSR, humanitære kriser og arbeidskonfliktar, får kvar leverandør ein score frå 0 til 100, der 100 representerer ingen oppdaga eller forventta risiko, og 0 viser at kritisk risiko er oppdaga. Ulstein vurderer leverandørar med risikoscore lågare enn 65 som høgrisikoleverandørar. Den enkelte leverandør sin risikoscore blir samanhalde med Ulsteins moglegheit for innverknad på den relevante leverandøren, noko som vert vurdert, bl.a. på grunnlag av Ulsteins årlege innkjøp sett i forhold til den aktuelle leverandørens totale årlege omsetnad. Val av leverandørar og iverksetting av eventuelle risikoreduserande- og/eller avbøtande tiltak blir gjort etter ei konkret vurdering av risikograd og prioritering basert på vår moglegheit for påverknad. Aktsemdsvurderingane er basert på ei brei kartlegging for å identifisere fleire område av verksemda, på tvers av land og operasjonar, inkludert vår leverandørkjede og forretningspartnarar, der risikoen for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er vurdert å vere størst og mest aktuell. Kartlegginga er basert på OECD sine retningslinjer med fokus på bransjerisiko, geografisk risiko, produkt-/tenesterisiko og selskapsrisiko. I kartlegginga av grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold har vi bl.a. fokusert på følgande kategoriar: utnytting av barn, barnearbeid, diskriminering, tvangsarbeid, moderne slaveri, seksuelle overgrep, demonstrasjonar, lønstjuveri, leveløn, streik, arbeidskonfliktar, helse, miljø, sikkerheit, ulukker, sjukdom, skade og dødsfall. Basert på risikokartlegginga er det gjort ei prioritering basert på alvorsgrad og sannsynlegheit, og det er gjort ei meir detaljert risikovurdering med utfall som angitt nedanfor. <u>Bransjerisiko:</u> Design- og ingeniørbransjen er vurdert å involvere låg risiko for faktisk og potensiell negativ innverknad på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Ulstein har sikra ordna forhold og god kontroll i eiga verksemd, og kjøp av design- og ingeniørtjenester blir i all hovudsak gjort frå selskap i Ulstein Group. <u>Geografisk risiko:</u> For å vurdere generell landsrisiko har vi brukt WJP Rule of Law Index® og Global Rights Index. Den overordna landsrisikovurderinga indikerer at bl.a. Myanmar, Egypt, Kina, Tyrkia, og Venezuela er høgrisikoland for brot på menneske- og arbeidstakarrettar, og at bl.a. følgande land har middels risiko: Polen, Hong Kong, Bosnia-Hercegovina og Ukraina. Land som bl.a. Danmark, Norge, Sverige og Tyskland scorar høgt og inneber låg risiko med godt etablerte system for å sikre rettferd og vern av sine arbeidadar. <u>Tenestespesifikk risiko:</u> Leveransane frå Ulstein inkluderer skipsdesign, utstyrspakkar og tenester som involverer eit breitt spekter av leverandørar lokalisert over heile verda. Manglande visibilitet i leverandørkjeda til leverandørar og underleverandørar i samband med produksjon av materiale og utstyr, kan auke risikoen for uoppdaga brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. <u>Etterfølgande ledd:</u> Aktsemdsvurderingane omfattar også etterfølgande ledd, hovudsakleg kundar og samarbeidspartar og er utført ved hjelp av vårt digitale system for risikovurdering og overvaking. Vurderinga er basert på dei same prinsippa som nemnde ovanfor (som risiko relatert til bransje og geografi), samt at vi også har fokus på risiko rundt sanksjonar, kvitvasking og korrupsjon. Framover vil vi kartlegge vidare i kva grad vi kan ha forårsaka eller bidratt til negative konsekvensar som følgje av vår relasjon til etterfølgande ledd. Varsel om negative konsekvensar i eiga verksemd eller i leverandørkjeda, blir mottekne gjennom ulike kanalar: (1) medieovervaking, (2) klagerapportar og/eller (3) andre kanalar (t.d. funn frå revisjonar, interne varslarrapportar, etc.). For å avgjere om det mottekne varselet utgjør ein faktisk negativ konsekvens, blir varselet og den aktuelle saka vurdert ut frå alvorsgraden for dei involverte partane (t.d. om hendinga er uoppretteleg, talet på ramma personar osv.) og kor vidt Ulstein anten har forårsaka eller bidratt til dei negative forholda det blir varsla om. Vesentlege risikoar for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i vår eiga verksemd, i verksemda til forretningspartnarane våre og/eller i leverandørkjeda vår, blir identifiserte gjennom ei risikobasert vurdering der kvar leverandør eller eige dotterselskap vert klassifiserte med anten låg, middels eller høg risiko basert på ein kombinasjon av land-, bransje-, råvare-, media-, vurderings- og klagebaserte risikofaktorar i dimensjonane grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Den overordna risikovurderinga blir gjennomført ein gong
--	---

		per år. Den overordna risikovurderinga blir dessutan oppdatert ved vesentlege endringar i risikonivået, i vår eiga verksemd og/eller i våre leverandørkjeder.	
	Implementering av eigna tiltak for å stanse, forhindre eller avbøte negative konsekvensar	Eigna tiltak for å stanse, forhindre eller avbøte faktiske negative konsekvensar blir vurderte frå sak til sak og kan typisk omfatte tiltak som å utarbeide og implementere korrigerande handlingsplanar, initiere leverandørsamarbeid og bransjesamarbeid. Dei aktuelle tiltaka vert valde ut frå ei kombinert vurdering av alvorsgrad, eige bidrag og i kva grad vi faktisk har mogelegheit for å påverke faktisk utbetring av den aktuelle situasjonen. Eigna tiltak for å redusere vesentleg risiko og forhindre negative konsekvensar blir vurderte frå sak til sak og vil typisk omfatte førebyggjande tiltak som kontraktuelle forpliktingar (plikt til å overhalde "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners"), risikobaserte kontrolltiltak (vurderingar, revisjonar, medieovervaking osv.) og kapasitetsbyggjande tiltak (opplæring, dilemmatrening, leverandørens gjensvar osv.) basert på ei kombinert vurdering av sannsynlegheit for uheldige konsekvensar, leverandøren sitt eige bidrag og i kva grad Ulstein faktisk har reell mogelegheit for å påverke og iverksette avbøtande tiltak.	
	Retningslinjer og rutinar	Hovudprinsippa for å ivareta internasjonalt anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er innarbeidd i Ulstein Groups etiske retningslinjer som er godkjent av styret og den daglege leiinga i Ulstein. Ulstein Groups retningslinjer og prosedyrar inkluderer følgjande dokument: • Etiske retningslinjer for Ulstein Group • Etiske retningslinjer for Ulstein Groups forretningspartnarar • Retningslinjer om arbeidsgjevarar si plikt til å kontrollere løns- og arbeidsvilkår (påsjåplikt) • HMS-reglar • Retningslinjer for varsling Ulstein Groups retningslinjer og prosedyrar er utarbeidd og blir jamleg oppdaterte for å sikre at prinsippa i dei etiske retningslinjene blir nytta og følgt opp overfor leverandørar og forretningspartnarar der det er relevant. Våre retningslinjer og rutinar er tilgjengeleg digitalt for våre tilsette og blir formidla til våre samarbeidspartar der dette er relevant. Det blir gitt opplæring til våre tilsette i relevante tema i tråd med Ulstein Groups Compliance-program. Alle Ulsteins direkteleverandørar er forplikta til å følge "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" og implementere tilsvarande krav og forsvarlege prosedyrar for oppfølging av desse i si eiga leverandørkjede. Vidare har vi implementert konkrete tiltak for å sikre etterleving av krava i våre etiske retningslinjer. Dette inkluderer bl.a.: • Gjennom aktsemdvurderingar identifisere risikoar som kan forårsake eller bidra til negative innverknader på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold gjennom Ulsteins eigne aktivitetar og adressere slike konsekvensar når dei oppstår • Gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre at identifiserte risikoar materialiserer seg • Søke å avbøte negative innverknader for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som er direkte knytte til Ulsteins verksemd eller som nokon av forretningspartnarane har bidratt til gjennom oppdrag for Ulstein • Vurdere, overvake og rapportere om framdrift og resultat Som medlem av UN Global Compact (UNGC) sidan 2013, rapporterer Ulstein Group årleg på UNGC sine ti prinsipp innan områda menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og anti-korrupsjon. Det blir også utarbeidd ein eigen ESG-rapport.	
	Kanalar for openheit/varsling	Vi oppmodar til openheit og legg til rette for både intern og ekstern varsling gjennom fleire kanalar: etik@ulstein.com og telefon +47 954 43 335 (24-timars service) openheitslova@ulstein.com (https://ulstein.com/transparency-act)	
Seksjon B	B1. Informasjon om faktiske negative konsekvensar som er identifiserte		
	Talet på faktiske identifiserte negative konsekvensar		
		Grunnleggjande menneskerettar	Anstendige arbeidsforhold
	Eiga verksemd	0	0
	Direkteleverandørar	0	0
	Indirekte leverandørar	0	0
	Beskriving av faktiske negative konsekvensar som er identifiserte		
	Eiga verksemd	Ingen faktiske negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold er identifisert i vår eiga verksemd i rapporteringsperioden. Ulstein har klare prosedyrar for å overvake og sikre at vår eiga verksemd er i samsvar med nasjonale- og internasjonale krav.	
	Direkteleverandørar	Det er i rapporteringsperioden ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som Ulstein har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt til vår forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre direkteleverandørar. Det er imidlertid identifisert fem avvik knytt til grunnleggjande menneskerettar og/eller anstendige arbeidsforhold som er knytt til våre direkteleverandørar i rapporteringsperioden, men då anten gjennom selskap i same konsern som våre direkteleverandørar eller i relasjon til andre produkt/ og/eller produksjonslinjer. Avvika er fordelt på eitt tilfelle knytt til grunnleggjande menneskerettar og fire tilfelle knytt til anstendige arbeidsforhold. Dei aktuelle tilfella er knytt til leverandørar i Kina, Spania og Noreg. Kina og Spania utgjer ein liten del av totalt innkjøpsvolum (høvesvis ca. 3 % og <1 %). Arbeidet med vidare kartlegging og oppfølging pågår.	

	Indirekte leverandører	Gjennom overvaking av Ulsteins identifiserte indirekteleverandører er det i rapporteringsperioden ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som Ulstein har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt til vår forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre indirekte leverandører. Med det omfang av indirekte leverandører som er i Ulsteins leverandørkjede og talet på varsel knytt til risiko for negative konsekvensar, er vi imidlertid bevisste på at dette kan gi eit urealistisk bilete av den reelle situasjonen, og at sjansen er stor for fleire uidentifiserte faktiske negative konsekvensar hos våre indirekteleverandører. Ulstein jobbar med å få stadig betre oversikt over dette.		
	B2. Informasjon om vesentleg risiko for negative konsekvensar som er identifiserte			
	Eiga verksemd	Ulstein har gode rutinar og retningslinjer for å sikre grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd, og effektive kontrollmekanismar for å avdekke eventuelle avvik er etablert. I den maritime bransjen generelt, er det identifisert ibuande risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Potensiell vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til eiga verksemd inkluderer såleis: • Risiko for mobbing og trakassering • Strengje fristar og store økonomiske konsekvensar ved forseinka leveransar kan medføre risiko for overdriven bruk av overtid både i eiga verksemd og i leverandørkjeda Det er gjennom 2024 ikkje identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i Ulsteins eiga verksemd.		
	Direkteleverandører	Analysen av Ulsteins direkteleverandører for rapporteringsåret 2024 viser ei vidareføring av dei same risikoane som tidlegare identifisert, men med auka merksemd på alvorlege forhold knytt til menneskerettar og arbeidsvilkår. Vi har avdekt risiko for brot på grunnleggande arbeidstakarrettar, inkludert moderne slaveri, diskriminering, underbetaling og uetisk arbeidspraksis. Det er og registrert risiko for brot på retten til organisasjonsfridom og kollektive forhandlingar, særleg hos leverandører i Kina og Polen. Vidare ser vi risiko knytt til overdriven bruk av overtid, mangelfull timeregistrering og mangel på vernemekanismar for arbeidstakarar. I Kina er det framleis høg risiko for negative konsekvensar knytt til avgrensa ytringsfridom, religionsfridom og ibuande rettsvern for arbeidarar. Når det gjeld bransjerisiko, peikar analysane våre på at sektorane med høgast risiko for alvorlege negative konsekvensar er konstruksjon, kjemikaliar, IT og programvare, motorvogner, samt maskinar og utstyr. Ulstein vil halde fram med å overvake, vurdere og følgje opp risikoane tett, og sikre at våre leverandører etterlever krav til internasjonale standardar for menneskerettar og arbeidstakarrettar. Det er gjennom 2024 ikkje identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som Ulstein har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt vår forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre direkteleverandører.		
	Indirekte leverandører	Analysen av Ulsteins indirekte leverandører har vore omfattande, og har avdekt eit betydeleg tal varsel om potensiell risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Varslingane er eit resultat av ei grundig kartlegging av store delar av Ulsteins globale verdikjede. Det pågår no eit systematisk arbeid med å vurdere og prioritere varsla for å identifisere dei mest alvorlege og kritiske risikoane for negative konsekvensar. Analysane for 2024 har gitt seks varsel om potensiell risiko knytt til menneskerettar og eitt varsel om potensiell risiko knytt til anstendige arbeidsforhold. Som i analysen av direkteleverandører, viser vurderingane at bransjerisikoen blant indirekte leverandører er særleg høg innan sektorane konstruksjon, kjemikaliar, IT og programvare, motorvogner, samt maskinar og utstyr. Dette underbyggjer behovet for målretta oppfølging i dei mest utsette delane av leverandørkjeda. Det er gjennom 2024 ikkje identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som Ulstein har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt vår forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre indirekte leverandører.		
Seksjon C Tiltak	C1. Tiltak som er planlagt/sett i verk for å stanse faktiske negative konsekvensar			
	Type tiltak	Beskriving	Eiga verksemd	Leverandører
	Informasjon frå leverandør	Etterspørje informasjon frå leverandør om faktiske negative konsekvensar og status for utbetring	N/A	N/A
	Korrigerande handlingsplan	Korrigerande handlingsplan tilpassa leverandøren	N/A	N/A
	Interessentengasjement	Engasjement og dialog med relevante interessentar	N/A	N/A
	Leverandørengasjement	Gjennomføring av arbeidarundersøkingar, etablering av klagemekanismar hos leverandøren	N/A	N/A
	Bransjesamarbeid	Samarbeid med bransjekollegaer for felles utbetring med auka påverknad	N/A	N/A
	Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetringstiltak	N/A	N/A
	Dilemmatrening	Gjennomføring av opplæring for arbeidarar og/eller leing for bevisstgjerig	N/A	N/A

	Beskriving av resultat eller forventa resultat		
	I løpet av regnskapsåret 2024 har Ulstein gjort framsteg i å forbedre oversikta over våre indirekte leverandører. Dette har gitt oss bedre grunnlag for å kunne identifisere faktiske negative konsekvensar. Basert på varsel frå vårt digitale system for risikovurdering og overvaking knytt til mogelege faktiske negative konsekvensar i vår leverandørkjede, har vi etterspurt informasjon frå fleire direkteleverandører. Eksempel på tiltak som er gjennomført: - Leverandørengasjement - Internvurderingar - Førespurnad om uttale Etter mottak av relevant informasjon, har det vist seg at dei aktuelle varsla ikkje gjaldt verksemdar i vår leverandørkjede, men selskap i same konsern. Ulstein vil fortsette å arbeide aktivt med å identifisere faktiske negative konsekvensar i vår leverandørkjede.		
	C2. Tiltak planlagt/sett i verk for å redusere vesentleg risiko for negative konsekvensar		
	Type tiltak	Beskriving	Eiga verksemd
	Etiske retningslinjer	Skriftleg forplikting til å etterleve Ulstein Groups etiske retningslinjer	Ja
	Vurdering av modenheit	Vurdere modenheitsnivået basert på offentleg tilgjengelege sertifiseringar og retningslinjer	Ja
	Eigenvurdering	Eigenvurdering som vurderer modenheit av standardar, retningslinjer og sertifiseringar	Ja
	Medieovervaking	Identifisering av negative varsel i offentlege medium ved bruk av kunstig intelligens	Ja
	Opplæring	Gjennomføring av opplæring for arbeidarar og/eller leijing for bevisstgjeri	Ja
	Interessentengasjement	Engasjement og dialog med berørte interessentar	Ja
	Leverandørengasjement	Gjennomføre medarbeidarundersøkingar, og/eller etablere varslingsmekanismar hos leverandøren	Ja
	Skrivebordsrevisjon	Skrivebordsrevisjon for å inspisere og kontrollere implementering av utbetringstiltak	Ja
	Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetringstiltak	Ja
	Beskriving av resultat eller forventa resultat		
	Eiga verksemd	Gjennom stikkprøver og internrevisjonar i eiga verksemd, blir fokus på etterleving av Ulsteins reglar og retningslinjer oppretthalde og innleigde arbeidstakarar får auka kunnskap om og tillit til at Ulstein tar arbeidet med dette på alvor. Stikkprøver og revisjonar aukar sjansen for at Ulstein blir varsla dersom det skulle førekome brot på retningslinjene i eiga verksemd, eller i vår leverandørkjede. Opplæring av eigne tilsette aukar kunnskapen om gjeldande reglar og retningslinjer og gjer at våre tilsette er betre rusta for å avdekke og varsle om eventuelle faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i vår leverandørkjede. Som førebyggjande tiltak er det vidare implementert eit etterlevingsprogram for å sikre at tilsette i Ulstein opptre i tråd med krava i våre etiske retningslinjer. Vårt etterlevings-program inkluderer regelmessig opplæring av tilsette og består av ein kombinasjon av digitale nano-læringsmodular og klasseromseansar. Opplæringa inkluderer mellom anna dilemmatrening og bevisstgjeri innan tema som arbeidstakarrettar, diskriminering, varslings, HMS og anti-korrupsjon.	
	Direkteleverandører	Fleire førebyggjande tiltak er sett i verk for å redusere risikoen for negative konsekvensar i Ulsteins leverandørkjede. Det blir gjennomført adekvate aktsemdvurderingar av alle leverandører, som står i forhold til identifisert risiko og Ulsteins mogelegheit for påverknad Alle direkteleverandører i Ulstein må forplikte seg til å overhalde "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" der det mellom anna blir stilt klare krav til å sikre grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i sine leverandørkjeder. Vi ser til at prinsippa i dei etiske retningslinjene våre vert overhaldne gjennom bl.a. overvaking gjennom vårt digitale system for risikovurdering og overvaking. Nye direkteleverandører er forplikta til å fylle ut dedikerte spørreskjema med eigenvurdering av bl.a. retningslinjer og sertifiseringar. Dei fleste av Ulsteins direkteleverandører har fullført slike spørreskjema og relevant informasjon om alle større direkteleverandører er lagt inn i vårt digitale system for risikovurdering og overvaking, noko som resulterer i meir presis og grundigare kartlegging.	

	Indirekte leverandører	For å redusere vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold hos indirekte leverandører, stiller Ulstein klare krav i kontraktar med sine direkteleverandører om å sikre dette også i sine respektive leverandørkjeder. Gjennom overvaking av Ulsteins indirekte leverandører gjennom vårt digitale system for risikovurdering og overvaking, får vi varsel om negative hendingar hos identifiserte indirekte leverandører som blir formidla til og fylgt opp mot den ansvarlege direkteleverandør. Implementering av konkrete risikoreduserande tiltak blir gjort i samarbeid med relevante direkteleverandører. Eventuelle funn eller avvik blir rapporterte inn for vidare oppfølging av vår direkteleverandør.
--	------------------------	---

Årleg rapport etter paragraf 5 i openheitslova

Signatur

Vi står ved vår plikt til å respektere internasjonalt anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og vi vil halde fram med å arbeide systematisk saman med våre tilsette, leverandører og forretningspartnarar for å identifisere, forhindre og/eller avbøte faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til Ulsteins verksemd som beskrive ovanfor.

Denne årlege rapporten er utgitt av og signert av styret og dagleg leiar i Ulstein Design & Solutions AS og er tilgjengeleg på Ulsteins Group si nettside ([Transparency Act / Openheitslova - Ulstein](#)).

Gunvor Ulstein Styreleiar	<u>Gunvor Ulstein</u> Gunvor Ulstein (Jun 26, 2025 13:50 GMT+2)	Tore Ulstein Nestleiar i styret	<u>Tore Ulstein</u> Tore Ulstein (Jun 27, 2025 12:57 GMT+2)
Hans Petter Hildre Styremedlem	<u>Hans Petter Hildre</u> Hans Petter Hildre (Jun 26, 2025 18:35 GMT+2)	Elisabeth Masdal Hovden Styremedlem	<u>E. Hovden</u> E. Hovden (Jun 27, 2025 14:55 GMT+2)
Torill Muren Styremedlem	<u>Torill Muren</u> Torill Muren (Jun 27, 2025 15:38 GMT+2)	Runar Inge Muren Dagleg Leiar	<u>Runar Inge Muren</u> Runar Inge Muren (Jun 27, 2025 15:43 GMT+2)